

## Saksprotokoll i 16.01.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 8

Vestland fylkeskommune tilrår at strategien inkluderer mål om at alle cruisehavnene stiller seg bak dei skjerpa miljøkrava for cruiseskip innført i Noreg og at land i Nordsjøregionen bør implementere ein nullutsleppshamnstandard så snart som mogleg som omfattar alle skipstypar.»

### Avrøysting

Taylor sitt forslag fekk 4 røyster (MDG, V, SV, KRF) og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar dei fire satsingsområda i strategien.
2. Vestland fylkeskommune tilrår at teksten under pkt. 3.2 endrast slik at den speglar den reelle utviklinga óg innafor utsleppsfri maritim transport, særleg innan elektrifisering av fartøy. Dette er ei stor satsing i Vestland fylke.
3. Vestland fylkeskommune tilrår at teksten under pkt 4.1. blir spissa og konkretisert. Hovudvekta må vere på korleis vi kan bruke medlemsregionane sine smart spesialiseringstrategiar for å auke konkurransekrafta ved å kople bransjar og industriar på tvers av regionane.
4. Vestland fylkeskommune tilrår at det blir utarbeidd eit ekstra mål under pkt 4.2. om at det skal vere betre samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse for næringslivet i Nordsjøregionen som heilskap.
5. Vestland fylkeskommune tilrår at det blir utarbeidd eit ekstra mål under pkt. 4.4 om at regionale styresmakter skal setje krav til utsleppsreduksjon gjennom innovative offentlege innkjøp.
6. Vestland fylkeskommune vil peike på at reiseliv er ei viktig næring for Vestland fylke med eit stort utviklingspotensiale. Vestland fylkeskommune tilrår at reiseliv blir eit nytt punkt 4.5 under, satsingsområde 4 A smart North Sea Region for å framheve potensialet for smart, grøn vekst i denne næringa.
7. Vestland fylkeskommune tilrår at det blir utarbeidd eit sett med resultatindikatorar knytt til måla under dei fire satsingsområda